


Årsrapport 2022

Hardangervidda Fjelloppslyn



FJELLOPPSYNET er oppretta med heimel i Fjelleva og har sitt hovudvirke på statsallmenningane og skal:

- Forebygge miljøkriminalitet og bidra til at offentlegrettslege reglar blir helde.
- Drive informasjon, tilrettelegging, skjøtsel, naturovervaking/registrering og kontroll. Fjelloppsynet skal prioritere forebyggande verksemd.
- Sjå til at grunneigar og rettshavar sine privatrettslege reglar blir helde.
- Medverke til ein berekraftig bruk av statsallmenningane og sikre viktige lokale og nasjonale samfunnsinteresser i områder der staten som grunneigar har eit spesielt ansvar.

(Jmf. instruks for fjelloppsyn godtkjent av Statskog SF og gitt i samråd med Statens naturoppsyn og Politiet)

Fjelloppsynet er tildelt begrensa politimyndigheit og samarbeider med Politiet, Statens naturoppsyn, Statskog SF og vernemyndigheitene.

Hardangervidda Fjelloppsyn

Fjellstyra på Hardangervidda as (FH)

Hovudkontor:

Kvinnegardslie 451, 3570 Ål

Tlf: 90213630

E-post: hardangervidda.fjelloppsyn@fjellstyrene.no

Heimeside: www.hardangervidda-fjellstyra.no

Forord

Med denne årsmeldinga ynskjer me å gi ei kortfatta oversikt over aktiviteten til Hardangervidda Fjelloppsyn i 2022.

Fjelloppsynet er ei allsidig verksemd der kjerneoppgåver er oppsyn, informasjon og ulike former for skjøtsel i verneområda. Vidare bistår fjelloppsynet fjellstyra med å halde i stand fjellstyrehusværa i statsallmenningane og deltek i skjøtselstiltakt for forvaltning av vilt og fisk. Sekretærarbeid og dagleg drift av fjellstyrekontor er også sentrale gjeremål for dei tilsette i fjelloppsynet. Til sist bistår fjelloppsynet forskings- og forvaltningsinstitusjonar med innsamling av naturfaglege data. Samla aktivitet utgjorde 3,7 årsverk i 2022.

Arbeidet til fjelloppsynet er finansiert av fjellkassene til fjellstyra på Hardangervidda og statlege middel over Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett gjennom Statskog si refusjonsordning for arbeid i statsallmenningar. Vidare er det tilført middel frå Klima og miljøverndepartementet sitt budsjett gjennom tenestekjøpsavtaler med Statens naturoppsyn. Det er vidare utført noko arbeid for Hardangervidda villreinutval, Eidfjord kommune, Norsk Institutt for Vannforskning og Viken Fylkeskommune/ Norsk Villreinsenter Sør. Ein hadde også arbeidsgjevaransvaret for ein prosjektmedarbeider for «Villreinfjellet som verdiskapar-Tinnhølvegen»

Fjelloppsynet er tildelt avgrensa politimyndigheit innan miljølovverka i Søraust- og Vest politidistrikt og samarbeider tett med Politiet og Statens naturoppsyn.

Me vil takke oppdragsgjevarane og andre kontaktar for samarbeidet i året som har gått.

Januar 2023

Georg Gjøstein /s/
Dagleg leiar

1. Oppsynsarbeid	5
1.1 Jakt	5
1.2 Fiske	5
1.3 Motorferdsel	5
1.4 Reaksjonsstatistikk	6
1.5 Kulturminner	7
1.6 Naturvernområder	7
2. Fjellredningsarbeid	7
3. Informasjonsarbeid	7
3.1 Generelt	7
3.2 Informasjonsarbeid på Tinnhølen og Haukelisetet.....	7
3.3 Heimeside.....	7
4. Rekrutteringsarbeid	8
4.1 Generelt.....	7
4.2 Fjellhelg for born og ungdom.....	7
5. Registreringsarbeid	8
5.1 Registrering av villrein – Rv 7	8
5.2 Strukturteiling av villrein	8
5.3 Registrering av aktivitet på fjellrevhi m.m.	9
5.4 Tilsyn med foringsautomatar for fjellrev	9
5.5 Vatnprøver.....	9
5.6 Rovviltkontaktarbeid.....	9
5.7 Registrering av jerv	10
5.8 Databaser for naturfaglige registreringar og registreringar i verneområder	10
6. Skjøtselsarbeid	10
6.1 Skilting	10
6.2 Renovasjon.....	9
6.3 Bygging av ørekytesperre.....	9
6.4 Skjøtselsarbeidet for fjellstyra.....	10
7. Sekretariat	10
8. Organisasjonen	10
8.1 Generalforsamling	10
8.2 Styre og Fjelloppsynsutval	11
8.3 Tilsette	11
Vedlegg 1 Totaloversikt over utført arbeid	11
Vedlegg 2. Spesifikasjon av arbeid for fjellstyra	11
Arbeid for Røldal fjellstyre	12
Arbeid for Ulvik fjellstyre.....	13
Arbeid for Ullensvang fjellstyre.....	14
Arbeid for Øvre Numedal fjellstyre	15
Arbeid for Rauland fjellstyre.....	15
Arbeid for Eidfjord fjellstyre.....	17
Vedlegg 3. Spesifikasjon av arbeid for Statens naturoppsyn	18

1. Oppsynsarbeid

1.1 Jakt

Villreinjakt

Tilsette i Hardangervidda Fjelloppsyn har hatt høg aktivitet under villreinjakta på Hardangervidda i 2022. Arbeidet var samordna med Politiet og Statens naturoppsyn. Det er laga ein særskild rapport for villreinjakttoppsynet. Ved sidan av ordinært kontroll- og informasjonsarbeid, var det fokus på rettleiing av jegerane om prøvetaking frå felte dyr for undersøking av CWD-sjukdom. Oppsynet organiserte også innsamling av kjevar frå villrein under jakta. Villreinjakta føregjekk frå 15.08 til 31.09.



Dyr i Vinje. Foto: HF, Georg Gjøstein

Småviltjakt

I 2022 var det rypejakt i alle statsallmenningane på Hardangervidda. Det vart utført kontrollar av oppsynspatruljane i det samordna villreinjakttoppsynet og dels i områder det var lite eller ingen aktivitet med omsyn til villreinjakt. Oppsyn i Ulvik, Eidfjord, Røldal og Øvre Numedal statsallmenningar vart gjeve ekstra prioritet dette året. Jakt på anna småvilt er også tillete, men synast å ha eit lite omfang.

1.2 Fiske

Fjelloppsynet har kontrollert fiske med stong og garn. Fjelloppsynet møter fiskarar på ulike deler av vidda og fiskekort blir kontrollert. I 2022 var det sett av særskild tid til kontrollar i storparten av statsallmenningane.

1.3 Motorferdsel

Fjelloppsynet har delteke på særskilde kontrollar retta mot motorferdsel i utmark. Aktiviteten i 2022 føregjekk i Nore og Uvdal, Eidfjord, Ulvik, og Ullensvang. Sommarstid er det

gjennomført kontrollar med bilar og traktorar i og utanfor nasjonalparken ved Tinnhølen og etter godkjende sleper i Nore og Uvdal, Eidfjord og Ullensvang.



Bakkatjørnhytta i godvær. Foto: HF, Sten-Rune Jensen.

1.4 Reaksjonsstatistikk

Tabell 1. Antall kontrollerte

	Antall kontrollerte							
	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015
Motorferdsel	75	78	139	111	64	95	63	70
Småviltjegerar	32	37	23	26	11	5	14	0
Storviltjegerar	101	67	78	79	59	103	137	82
Fiskarar	63	46	65	24	11	21	57	17
Vernereglar	5	1	6	3	5	18	10	
SUM	276	229	311	243	150	242	281	174

Tabell 2. Antall advarslar og anmeldelsar

Tema	Antall advarslar					Antall anmeldelsar				
	2022	2021	2020	2019	2018	2022	2021	2020	2019	2018
Motorferdsel	4		6		6	5	9	7	4	5
Småviltjegerar	2	1	1					1		
Storviltjegerar	6			1		4	1	1	6	1
Fiskarar		3	6			2		2		1
Bandtvang	3		1	1	2			1		
Vernereglar	3	1		2	3	1		1		
SUM	18	5	14	4	11	12	10	13	10	7

1.5 Kulturminne

Fjelloppsynet har helde generelt tilsyn med kulturminner i nasjonalparken.

1.6 Naturvernområde

Fjelloppsynet har helde oppsyn med at vernereglane blir fylgd for Hardangervidda nasjonalpark, deler av Hallingskarvet nasjonalpark samt tre landskapsvernområde.

Tabell 3. Naturvernområde der Hardangervidda Fjelloppsyn har utført arbeid i 2022

Verneområder i Vestfold og Telemark:	Kommunar
<i>Hardangervidda nasjonalpark</i>	<i>Vinje og Tinn</i>
<i>Møsvatn Austfjell landskapsvernområde</i>	<i>Vinje/Tinn</i>
Verneområder i Vestland	Kommunar
<i>Hardangervidda nasjonalpark</i>	<i>Eidfjord, Ullensvang,</i>
<i>Hallingskarvet nasjonalpark</i>	<i>Ulvik</i>
<i>Skaupsjøen-Hardangerjøkulen landskapsvernomr.</i>	<i>Eidfjord og Ulvik</i>
Verneområder i Viken	Kommunar
<i>Hardangervidda nasjonalpark</i>	<i>Hol, Nore og Uvdal</i>
<i>Skaupsjøen-Hardangerjøkulen landskapsvernområde</i>	<i>Hol, Nore og Uvdal</i>

2. Fjellredningsarbeid

Fjelloppsynet har ikkje delteke fjellredningsarbeid i 2022.

3. Informasjonsarbeid

3.1 Generelt

Der er ei prioritert oppgave for fjelloppsynet å formidle informasjon til publikum. Samla er det gjeve informasjon til 1123 personar i samband med feltaktiviteten til fjelloppsynet. I den daglege drifta av fjellstyrekontor er det også gjeve informasjon til eit stort tal personar, men dette er ikkje tal festa.

3.2 Informasjonsarbeid

Villreinfjellet som verdiskapar – Tinnhølvegen

Selskapet hadde arbeidsgjevaransvaret for ein medarbeider knytt til prosjektet «Villreinfjellet som verdiskapar- Tinnhølvegen». Eit sentralt gjeremål var å gje informasjon til besøkande ved Tinnhølen og etter Tinnhølvegen. Arbeidet pågjekk frå sist i juni til sist i august. Også ordinært tilsette fjelloppsyn deltok nokre dagsverk i dette arbeidet. Samla vart det gjeve informasjon til 597 personar frå fjellstyreghytta ved Tinnhølen. Av dette 241 utlendingar.

Rødalsmarknaden

Ein tilsett deltok saman med Røddal fjellstyre på Rødalsmarknaden.

Heimeside

Fjelloppsynet har ajourført heimesida til Fjellstyra på Hardangervidda as (FH). Der har det vore kontaktinformasjon og diverse informasjon frå fjellstyra. Heimesida vert nytta for å gi informasjon til brukarane av dei ulike statsallmenningane.

4. Rekrutteringsarbeid

4.1 Generelt

I den daglege drifta av fjellstyrekontora arbeider dei tilsette i fjelloppsynet med tiltak for å rekruttere ungdom til jakt og fiske.

4.2 Fjellhelg for ungdom

Dette vart ikkje gjennomført i 2022.

5. Registreringsarbeid

5.1 Registrering av villrein – Rv 7

Tilsette i Fjelloppsynet har arbeidd med å halde oversikt over villreinen sine rørsler i høve til Rv 7 i tråd men instruks frå Miljødirektoratet. Arbeidet føregjekk i hovudsak ved visuelle observasjonar og radiopeiling frå egna stader i terrenget. ”Dyreposisjonar” frå radiomerka villrein på Hardangervidda er eit viktig hjelpemiddel i arbeidet. Personellet skulle om mogleg hindre villrein å krysse vegen grunna ynskje om å hindra utveksling pga CWD situasjonen.

5.2 Strukturteljing av villrein

Fjelloppsynet deltok med mannskap under strukturtellinga i 2022. Arbeidet føregjekk ved filming av flokkar som seinare vart talde opp.



Ettersyn av foringsautomat for fjellrev. Foto: HF, Sten-Rune Jensen

5.3 Registrering av aktivitet på fjellrevhi m m

Det vart gjennomført vinterkontroll og sommarkontroll av hi i same områda som det er foringsautomatar i Eidfjord, Ullensvang og Vinje og på ein del andre utvalde lokalitetar. Antal ynglingar med talfesting av kvelpar vart registrert. Det vart registrert 7 ynglingar med minimum 36 kvelpar til saman på heile Hardangervidda.

5.4 Tilsyn med foringsautomatar for fjellrev

Det er halde månadleg tilsyn med foringsautomatar for fjellrev i Vinje, Eidfjord og Ullensvang. Det er etterfylt med for og viltkamera på automatane er fylgd opp.

5.5 Vatnprøver

Det er henta vassprøver frå 6 lokalitetar i Eidfjord. Dette var Svartavasstjørnet, Svartavatnet, ”Krobu-bekk”, Drageidfjorden, Istjøra ,Vesle Istjørna og Bjoreio.

Det vart også månadleg henta vassprøver frå Numeldalslågen, Smådøl og Bjoreio.



Vassprøver frå Numedalslågen. Foto: HF, Sten-Rune Jensen

5.6 Rovviltkontaktarbeid

Ein tilsett i fjelloppsynet har vore rovviltkontakt i Hardanger.

5.7 Registrering av jerv

Personellet i fjelloppsynet registrerer rutinemessige jervespor i samband med feltaktivitet vinterstid.

5.8 Databasar for naturfaglege registreringar og registreringar i verneområde.

Innsamla data har m.a. vorte overført til desse databasane:

<http://www.artsdatabanken.no/>

<http://www.rovbase.no/>

<https://feltdagbok.miljodirektoratet.no>

<http://www.nina.no/Forskning/Fjellrev/Avlsprogrammet-for-fjellrev/Tilsynslogg>.

6. Skjøtselsarbeid

6.1 Skilting

Det vert rutinemessig ført tilsyn med skilting og informasjonspunkt i tilknytning til Nasjonalparken.

6.2 Renovasjon

Det er frakta ut søppel frå fjellstyrehyttene og det er elles samla saman mindre søppelmengder i stinettet.

6.3 Skjøtselsarbeidet for fjellstyra

For fjellstyra vart det utført transportar, renovasjonsarbeid, vedlikehald på hytter og bygningsarbeid samt internkontroll med brannverntilhøva. Arbeidet er gjort nærare greie for i vedlegg 2.

7. Sekretariat

Tilsette i fjelloppsynet har utført sekretærarbeid og stått for dagleg drift av fjellstyrekontor for fylgjande fjellstyre:

- Rauland fjellstyre: Rune Aarhus
- Øvre Numedal fjellstyre: Sten-Rune Jensen
- Ullensvang fjellstyre: Steinar Lund
- Ulvik fjellstyre: Steinar Lund (midlertidig engasjert) og Ole Rune Røkenes
- Røldal fjellstyre: Tor Helge Haara Tjemsland (midlertidig engasjert) og Steinar Lund.

8. Organisasjonen

8.1 Generalforsamling

Hardangervidda Fjelloppsyn er ein del av Fjellstyra på Hardangervidda as. Selskapet er heileigd av Eidfjord fjellstyre, Ulvik fjellstyre, Ullensvang fjellstyre, Røldal fjellstyre, Rauland fjellstyre, Øvre Numedal fjellstyre og Hardangervidda

Grunneigarsamskipnad. Generalforsamling 2022 vart arrangert 14. juni i Odda. Det har vore 3 styremøter i 2022

8.2 Styre og Fjelloppsutval

Styret var samansett av styreleiarane i fjellstyra på Hardangervidda samt ein representant frå Hardangervidda Grunneigarsamskipnad. Vebjørn Håvardrud har vore styreleiar og Lars Kristian Eidnes nestleiar. Øvrige styremedlemene har vore Ane Killingtveit, Torgils Eide, Lars Kristian Eidnes, Knut Sygnestveit, Johnny Vikne og Tor Helge Haara Tjemsland. Fjelloppsutvalet var sett saman av Vebjørn Håvardrud, Lars Kristian Eidnes, Ane Killingtveit og eit medlem frå HG. Sekretærarbeidet er utført av Sten-Rune Jensen.

8.3 Tilsette

Det har vore 5 fast tilsette medarbeidarar og 2 midlertidige engasjement i 2022 (tabell 4.)

Tabell 4. Tilsette i 2022

Tilsett / kontorstad	Stillingsstorleik
Georg Gjøstein (dagleg leiar), Ål	100 % (10% permisjon i 2022)
Steinar Lund, Kinsarvik	100%
Sten-Rune Jensen, Rødberg	100 %
Ole Rune Røkenes, Ulvik	50% (byrja 01.05)
Rune Aarhus, Vinje	30% (byrja 01.02)
Tor Helge Haara Tjemsland, Røldal	Engasjert 20%, 01.01-31.06
Eirik Dørheim	Engasjert 27.06-28.08


Vedlegg 1. Totaloversikt over utført arbeid

Oppdragsgjevar	Timeverk
Fjellstyra	3953,5
Hardangervidda villreinutval	29,5
Statens naturoppsyn	1878,5
Prosjekt, Villreinfjellet som verdiskapar-Tinnhølvengen	25
Eidfjord kommune	10
NIVA	99,5
Prosjekt «Morferdsel» Viken FK/ Norsk Villreinsenter Sør	94,5
SUM	6338

Vedlegg 2. Spesifikasjon av arbeid for fjellstyra

Arbeid for Røldal fjellstyre

Hardangervidda Fjelloppsyn har utført 455,3 timeverk for Røldal fjellstyre. Fjellstyret sin del av administrativ drift av oppsynet utgjør 137,5 timar.



Figur 2. Antall timeverk som er utført for Røldal fjellstyre.

Sekretariat

Sekretærarbeidet er utført av Tor Helge Haara Tjemsland fyrste halvår og Steinar Lund overtok formelt oppgåva frå 01 juli.

Oppsyns- og informasjonsarbeid

Det er gjennomført kontroll av småviltjakt i nærområdet E 134. Under villreinjakta vart det utført oppsyn i grenseområda til Vinje.


Brannvernarbeid

Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslarar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Det er gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskriftsmessig stand og gjort registrering på kva som er tilgjengeleg av flytevestar på hyttene.

Vidare deltok personell frå fjelloppsynet på tilsyn og feiing i regi av det kommunale brannvesenet.

Arbeid for Ulvik fjellstyre

Hardangervidda Fjelloppsyn har utført 688,5 timeverk for Ulvik fjellstyre. Fjellstyret sin del av administrativ drift av oppsynet utgjør 207,5 timar.



Figur 3. Antall timeverk som er utført for Ulvik fjellstyre.

Sekretariat

Sekretærarbeidet er utført av Steinar Lund til og med april til Ole-Rune Røkenes overtok dette arbeidet.

Oppsyns- og informasjonsarbeid

Det er utført oppsyn med fiske og småviltjakt i store deler av statsallmenningen med fokus på innfartsområdene ved Langavatnet og Finse. Det var også oppsyn til stades i villreinjakta. Småviltjakta var stogga 14 dager etter jaktstart den 28.09.2022. Jakta byrja som vanleg den 15.09.

Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Det er helde tilsyn med Finsebu for å halde snurredoen i funksjon og sjå til at det er nok ved på hytta. Det er helde generelt tilsyn med fjellstyrehyttene.

Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslarar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Det er gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskriftsmessig stand.

Transportar


Det er transportert gass, ved og anna utstyr til hyttene.

Renovasjon

Det er frakta ut søppel frå hyttene.

Arbeid for Ullensvang fjellstyre

Hardangervidda Fjelloppsyn har utført 787 timeverk for Ullensvang fjellstyre. Fjellstyret sin del av administrativ drift av oppsynet utgjør 224 timar.



Figur 4 . Antall timeverk som er utført for Ullensvang fjellstyre.

Sekretariat

Sekretærarbeidet er utført av Steinar Lund.

Oppsyns- og informasjonsarbeid m.m.

Under villreinjakta var oppsynspersonell til stades og kontrollerte jegerar i statsallmenningen.

Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene.

Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslarar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Det er gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskriftsmessig stand.

Vidare deltok personell frå fjelloppsynet på tilsyn og feiing i regi av det kommunale brannvesenet.

Bygg og vedlikehald


Det er sett opp solcellepanel på Ullsbu.

Transportar

Det er transportert noko ved og utstyr.

Arbeid for Øvre Numedal fjellstyre

Hardangervidda Fjellopsyn har utført 1310 timeverk for Øvre Numedal fjellstyre. Fjellstyret sin del av administrativ drift av oppsynet utgjør 392,5 timar.



Figur 7. Antall timeverk som er utført for Øvre Numedal fjellstyre.

Sekretariat

Sekretærarbeidet er utført av Sten-Rune Jensen.

Oppsyns- og informasjonsarbeid

Under villreinjakta var oppsynspersonell til stades i statsallmenningen og kontrollerte jegerar. Det har vore nokre turar særskilt for å kontrollere rypejakt.

Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjellopsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene.


Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslarar, eldstader, gasskokeapparat og skilting.

Transportar

Det er transportert ved, gass og forbruksmateriell til hyttene.

Arbeid for Rauland fjellstyre

Hardangervidda Fjelloppsyn har utført 132 timeverk for Rauland fjellstyre. Fjellstyret sin del av administrativ drift av oppsynet utgjør 40,5 timar.



Figur 8. Antall timeverk som er utført for Rauland fjellstyre.

Sekretariat

Sekretærarbeidet er utført av Rune Aarhus.

Oppsyns- og informasjonsarbeid


Det var oppsyn i statsallmenningen under villreinjakta og villrein- og småviltjegerar vart kontrollert.

Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene.

Arbeid for Eidfjord fjellstyre

Hardangervidda Fjelloppsyn har utført 255,5 timeverk for Eidfjord fjellstyre. Fjellstyret sin del av administrativ drift av oppsynet utgjør 98,5 timar.



Figur 9. Antall timeverk som er utført for Eidfjord fjellstyre.

Oppsyns- og informasjonsarbeid

Oppsyn med fiske i Eidfjord statsallmenning har føregått i ulike deler av allmenningen.

Under villreinjakt vart det helde oppsyn i deler av statsallmenningen sør for Rv 7 når det var dyr i området.

Det var særskilt oppsyn med småviltjakt hovudsakleg i Tinnhølenområdet og nærområda til Rv7.

Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde generelt tilsyn med fjellstyrehyttene og gjennomført noko vinterklargjering av desse og båtar.

Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslarar, eldstader, gasskokeapparat og skilting.

Det er gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskriftsmessig stand.

Vedlikehald

Fjelloppsynet bytta eit vindauga på hytta ved Stigstuv og beise uthuset på Tinnhølen.

Transportar m.m.

Det er transportert ved, gass og noko anna forbruksmateriell til hyttene. Sjøppel er transportert ut av fjellet.

Vedlegg 3. Spesifikasjon av arbeid for Statens naturoppsyn

Tema	Timeverk
Motorferdselkontrollar - sommar og vinter	186,5
Tilsyn med villreinen sin ferdsel i høve til Rv 7/ helsetilstand cwd	95,5
Fjellrevarbeid	557
Rovviltkontaktarbeid	8
Oppsyn under villreinjakta	1031,5
SUM	1878,5

Timeverka inkluderer tida til kontorarbeid. Arbeidet er rapportert i egne databasar jfr pkt 5.8.mm.